Universitetet i Agder
Fakultet for humaniora og pedagogikk

EKSAMEN

Emnekode:	**NO-400**
Emne:	**Fellesemne**
Utlevering:	24. november 2008 kl. 1000
Innlevering:	8. desember 2008 kl. 1400
Antall sider inkl. forside	4
Merknader:	Du skal svare på én av oppgavene, enten oppgave 1 eller oppgave 2. Svaret skal være på maksimum 10 maskinskrevne sider (ekskl. litteraturliste), standard marger, linjeavstand 1 1/2, skrifttype Times New Roman. Innleveringssted er Informasjons- og servicesenteret. Du skal levere to eksemplar med standard framside. Du skal svare på éi av oppgåvene, anten oppgåve 1 eller oppgåve 2. Svaret skal vere på maksimum 10 maskinskrivne sider (ekskl. litteraturliste), standard margar, lineavstand 1 1/2, skrifttype Times New Roman. Innleveringsstad er Informasjons- og servicesenteret. Du skal levere to eksemplar med standard framside.

BOKMÅL

Oppgave 1
Drøft, med henvisning til pensumlitteraturen, begrepet «forståelse».

Oppgave 2
I det vedlagte utdraget fra innføringsboka *Språk og språkvitskap. Ei innføring i lingvistikk* skriver forfatterne om forholdet mellom språk og kommunikasjon. De gjør her greie for det «perspektivet» som de legger til grunn for boka (jf. første avsnitt på side 16). Drøft, med utgangspunkt i utdraget og med henvisning til pensumlitteraturen, dette perspektivet.

NYNORSK

Oppgåve 1
Drøft, med henvising til pensumlitteraturen, omgrepet «forståing».

Oppgåve 2
I det vedlagde utdraget frå innføringsboka *Språk og språkvitskap. Ei innføring i lingvistikk* skriv forfattarane om forholdet mellom språk og kommunikasjon. Dei gjer her greie for det «perspektivet» som dei legg til grunn for boka (jf. første avsnitt på side 16). Drøft, med utgangspunkt i utdraget og med henvising til pensumlitteraturen, dette perspektivet.

* * *

Vedlegg:

Utdrag fra/frå: Bye, Patrik; Trosterud, Trond og Vangsnes, Øystein Aleksander (2003): *Språk og språkvitskap. Ei innføring i lingvistikk* (s. 15–19). Oslo: Samlaget.

1.1.1 Språk og kommmunikasjon

Språk er eit system av **teikn**. Studiet av teikn og teiknsystem blir kalla **semiotikk**, ein term innført av den amerikanske filosofen Charles Sanders Peirce (1839–1914). Mange lingvistar i dag er ikkje direkte opptekne av språk som kommunikasjonssystem, og dette stussar du kanskje ved. Menneskeleg språk er jo trass alt eit kommunikasjonssystem, er det ikkje det?

Faktisk vil mange argumentere for at dei aller viktigaste *strukturelle* eigenskapane ved menneskeleg språk, dvs. dei eigenskapane som definerer språk som heilt unikt for mennesket, ikkje kan knytast til kommunikasjon i det heile teke. Dei vil i staden hevde at kommunikasjon er eit

resultat, eit *produkt* av språk, snarare enn eit *føremål* med språket. Språkets gunnleggjande struktur heng nøye saman med korleis mennesket tenkjer, dvs. med **kognisjon**, og somme meiner at språk gir oss det mest direkte innsynet i kva kognisjonsprosessar vi som menneske har. Det er desse eigenskapane vi må ta utgangspunkt i når vi skal formidle lingvistikken som ein uavhengig vitskap. Dette er altså det perspektivet vi skal leggje til grunn i denne boka.

Før vi forlèt dette emnet, er det likevel nyttig å sjå på språket i sin kommunikative kontekst. Kvar einskild **talehandling** føreset minst éin avsendar og éin mottakar.[1] Ei talehandling vil innehalde tre typar informasjon, og den mest opplagde typen er **tydinga** (av det som blir sagt). Her er det imidlertid naudsynt å skilje mellom to typar tyding, som vi uformelt kan omtale som *direkte* og *indirekte* tyding. La oss illustrere denne skilnaden med utgangspunkt i setninga *Glaset mitt er tomt*. Den direkte tydinga til denne ytringa er den «bokstavlege» tydinga, dvs. det at glaset ikkje har noko i seg. Vi kallar denne typen tyding for det **semantiske** innhaldet til uttrykket. **Semantikk** er studiet av kva menneske veit om den direkte tydinga til språklege uttrykk. Det å kunne eit språk er å kunne fastsetje det semantiske innhaldet i rett utforma uttrykk på det aktuelle språket.

Kva så med den indirekte tydinga i uttrykket *Glaset mitt er tomt*? Den kan vi ikkje automatisk slutte oss til sjølv om vi kan norsk. I tillegg til å fortelje det faktum at glaset til avsendaren ikkje har noko innhald, kan den aktuelle ytringa òg tolkast som ei oppmoding til mottakar om å fylle glaset med noko. Denne typen tyding kallar vi den **pragmatiske** tydinga til uttrykket, og den må mottakaren slutte seg til ut frå den **konteksten** uttrykket blir ytra i. Konteksten kan vere snever (t.d. knytt til avsendarens tryglande blikk eller det at han rekkjer glaset fram i retning av flaska som mottakaren held i handa) eller brei og kulturelt bestemt, dvs. knytt til ei mengd med kulturelle forventningar om at ytringar av typen *Glaset mitt er tomt* kan takast i bruk for å oppnå bestemte mål (påfyll i glaset). **Pragmatikk** er studiet av korleis menneske produserer og oppfattar indirekte tydingar.

I tillegg til den reint språklege informasjonen inneheld eikvar talt ytring **indeksar**, som gir mottakar informasjon om avsendar. Indeksane er

[1] Det er sjølvsagt mogleg for avsendar og mottakar å vere same person. Det blir kalla «å snakke med seg sjølv».

ikkje-språklege, **paralingvistiske** variablar som **tonehøgd, tempo** (kor raskt ein snakkar) og **stemmekvalitet**. Desse kan gi bod om avsendar er sint, nervøs, oppspilt, likegyldig osv., i tillegg til kva kjønn, alder, kroppsbygning, helsemessig tilstand og personlegdomstrekk avsendar har.

Aksenten til avsendar og val av språkvariant kan dessutan gi informasjon om den geografiske tilhøyrigheita hans eller hennar, og vidare om utdanning, yrke og sosial status, og haldning overfor samtaleemnet og den han eller ho snakkar med. Dei fleste menneske meistrar faktisk fleire språkvariantar. Dette kan dreie seg om to- eller fleirspråklegheit, eller at ein er talar av meir enn éin geografisk eller sosialt betinga variant av eitt og same språk. Studiet av korleis visse indeksar inngår i systematiske korrelasjonar med sosiale variablar som yrke, alder, kjønn osv., blir kalla **sosiolingvistikk**, og ein snakkar gjerne om ein sosialt betinga språkvariant som ein **sosiolekt**.

Den tredje og siste typen informasjon har å gjere med **rollebyte** i ein samtalesituasjon. Når ein deltek i ein samtale, sender ein ut informasjon om at ein er villig til å gi ordet til samtalepartnaren, samtidig som ein mottek informasjon om når samtalepartnaren ønskjer å ta ordet. Denne typen informasjon blir formidla mellom anna ved hjelp av augekontakt, samt tonefall og tempoet på ytringa. For det meste greier vi å byte rolle utan problem, men dei fleste opplever frå tid til anna å ikkje komme til orde i ein samtale eller at ein blir sitjande og prate i munnen på andre. Til ein viss grad varierer måten rollebyte blir utført på noko frå kultur til kultur.

Korleis skal vi så eigentleg vurdere påstanden om at språk er eit kommunikasjonssystem? Eller rettare sagt, skal vi basere språkvitskaplege studiar på kommunikasjon som fenomen? Det er ikkje tvil om at vi bruker språk til å kommunisere med, men faktisk kommuniserer vi på utallige andre ikkje-språklege måtar òg. Vi har allereie nemnt paralingvistiske variablar, og vidare kan vi nemne «kroppsspråk». Intuitivt høyrer ikkje studiet av «kroppsspråk» med i språkvitskapen, men kvifor? Med kroppsspråk meiner vi synlege gestar og ansiktsuttrykk som røper dei sinnsmessige tilstandane våre. Mange av dei gestane vi gjer, har vi ikkje kontroll over, og difor er det slett ikkje innlysande at dei er utvikla til kommunikasjonsføremål direkte. Ein del gestar nyttar vi faktisk òg ubevisst når vi er åleine, dvs. utanfor ein kommunikasjonssituasjon, og i så fall er det kanskje feil å sjå på dei som signal i det heile.

Mange gestar og uttrykk er eigentleg å forstå som symptom (dvs.

biologiske indeksar) på indre tilstandar, og ofte kan det vere i vår interesse å skjule dei. Det kan dreie seg om mangel på sjølvtillit, skadefryd, sjenanse, keisemd, at ein er forelska i éin eller éi som er uoppnåeleg. Dette er sinnstilstandar vi som regel ikkje ønskjer å formidle til menneske omkring oss. I så måte kan slike «signal» samanliknast med dyrespor i snøen, symptom som fortel legen at pasienten har den eller den lidinga, eller ein blodig kniv i ei mordsak. Spor i snøen er ikkje noko som elgen etterlèt seg for å kommunisere til andre (t.d. jegerar eller rovdyr) at han har vore i området, og utslett er ikkje noko signal som ein parasitt sender til legen for at denne lettare skal kunne stille ein diagnose.

Fysiske gestar kan difor naturleg samanhaldast med fysiske trekk som ikkje kan varierast i særleg grad, t.d. muskulatur, kropps- og ansiktsproporsjonar, lukt, konsistensen på huda, graden av hårvekst. Til liks med «kroppspråk» er dette også biologiske indeksar som menneske bruker for å vurdere i kva grad andre eignar seg som t.d. partnar eller ven.

Som individ kan vi vere meir eller mindre flinke til å tolke dei indeksane som andre mennekse umedvite sender ut og kanskje medvite forsøkjer å skjule. Eit fåtal menneske er flinke til å manipulere korleis andre oppfattar gestane og ansiktsuttrykka deira, og bruker dette medvite som verkemiddel. Slik medviten bruk har som regel kommunikasjon som føremål, og det er for dette vi kanskje burde reservere termen **signal**. Vi kan til og med sende eit signal ved å *ikkje* vere fysisk til stades. Generelt kan ein seie at indeksar blir til signal først når dei blir utnytta *medvite*. Når det blir mogleg, blir det òg mogleg å bruke signal til å villeie eller bløffe. Bruk av språklege signal til å villeie kallar vi *løgn*. Vanlegvis er det rett nok svært kostbart for oss å villeie, for dei signala vi sender ut, står vanlegvis i eit naturleg samband med dei indre tilstandane våre. Villeiing fordrar difor at vi maktar å bryte dette sambandet. La oss ta eit eksempel. I alle menneskesamfunn signaliserer heva augebryn ei open og venleg innstilling, mens senka og rynka augebryn formidlar ei kritisk innstilling. Fordi sambandet mellom gesten og den indre tilstanden han signaliserer ikkje er vilkårleg, finn vi ikkje store variasjonar menneskesamfunn imellom. Senka og rynka augebryn gjer det nemleg mogleg å *fokusere* betre. Betre fokus gjer det lettare å hente inn informasjon – informasjon som kan vere av stor verdi viss ein f.eks. skal forsvare seg sjølv eller gå til angrep på nokon (verbalt eller fysisk). Heva augebryn derimot reduserer evna vår til å fokusere (prøv å lese dette avsnittet med både senka og heva augebryn), og dette reduserer i sin tur evna vår til å ta inn informasjon om omgjevnadene.

For å summere opp er det umogleg å basere eit uavhengig språkstudium på kommunikasjon. Skulle vi ta utgangspunkt i språket som kommunikasjonssystem, ville det nemleg straks vise seg å vere umogleg å avgrense menneskespråk frå andre (ikkje-språklege) former for signaliserande åtferd. Som vi nettopp har drøfta, kan signalisering skje på eit medvite eller umedvite plan. Umedvitne gestar er i sin tur umoglege å avgrense frå biologiske indeksar på indre tilstandar generelt. Kroppsspråk kan difor ikkje reknast som noko kommunikasjonssystem, sjølv om vi stadig prøver å tolke indre tilstandar hjå andre på grunnlag av kroppslege uttrykk. Korleis denne tolkinga går føre seg, er eit fascinerande problemområde, men det ligg utanfor lingvistikkens doméne.